



## Veve 12: Referat frå dei **13. Rotaryleikane** 25. mars 2023

Dei 13. Rotaryleikane gjekk av stabelen laurdag 25. mars 2023. 13 rotaryanarar frå Langesund RK og 6 frå Brevik RK stilte kl. 9:30 i Skjær-gårdshallen og gjorde alt i stand for dei 27 del-takarane, som kom ein time etter.

Alle deltagarar og rotaryanarar er avbilda på neste side.

Leikane blei opna med flaggborg – fremst i tog- et gjekk 8 rotaryanarar som flaggberarar, følg-de av alle deltagarane, akkompagnerte av Bamble Musikkorps.

Etter populære oppvarmingsøvingar begynte sjølv tevlingane – først med 60-meter, så med stille lengde og kasting på blink.

Etter frukt, bollar, brus og kaffi blei det heile avslutta med premieutdeling ved representan-tar for ordførarane i Porsgrunn og Bamble.

Eg var med på dette for første gong. Det var eit flott og minneverdig arrangement med mykje glede!

Langesund, fredag 29. mars 2023,  
*Rolf Theil*



